




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Gjermundnes vgs

Årsmelding skoleåret 2023-24



# Innholdsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkelopplysningar om skolen</b>	<b>4</b>
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	5
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	7
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>9</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	9
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	11
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	13
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>14</b>
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	14
4.2 Karaktersnitt	16
4.3 Fråvær	17
4.4 Elevar som har slutta	18
4.5 Overgangar	19
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>22</b>

# 1. Rektor har ordet

Gjermundnes vidaregåande skule er plassert midt i fylket. Vi er den einaste skulen som tilbyr grønt naturbruk på vg2 og vg3-nivå i Møre og Romsdal, og vi har derfor elevar frå dei aller fleste kommunane i fylket.

Gjermundnes er ein flott opplæringsarena. Skulen har eit gardsbruk i full drift. I april 2024 kunne vi invitere til opning av ein flunkande ny lausdriftsfjøs, der elevane får opplæring i fjøsstell med oppdatert teknologi som representerer framtida i landbruket. Sjølve bygget er eit miljøbygg med stort fokus på bruk av berekraftig materiale og fornybar energi. Vi vil takke politikarar og administrasjon som har realisert dette.

Vestnes er ein skipsbyggarkommune. Tilbodet vårt på teknologi- og industrifag er viktig for framtidig rekruttering, og vi samarbeider tett med næringslivet om utplasseringsplassar til alle elevane på dette programområdet.

Om lag 70 av elevane våre bur på internatet. For desse elevane heng skule og fritid tett saman. Hausten 2023 etablerte vi eit miljøteam av elevar, som har eit ekstra ansvar for å ta initiativ til sosiale aktivitetar for elevane i fritida. Vi starte også opp MOT-programmet ved skulen vår. Dette programmet skal vere med på å skape robust ungdom som er flinke til å sjå og inkludere kvarandre. Som vi veit er trivsel ein føresetnad for god læring. Vi er derfor svært glade for at elevundersøkinga hausten 2023 viste at det i fjor var lite mobbing ved skulen vår.

Vi lever i ei uroleg verd der framtida for mange vert opplevd som meir usikker enn berre for få år sidan. Det gjer at fokuset på berekraft, sjølvforsyning og beredskap har blitt større. Den utdanninga vi gir elevane våre er derfor svært viktig for Møre og Romsdal, og vi tenkjer vi her har eit vekstpotensiale. Tilbodet om realfag i kombinasjon med naturbruk gir elevane som vel den vegen eit solid og breitt grunnlag for vidare studium på universitet- og høgskule.

Skuleåret 2023/2024 var også eit skuleår der vi fekk etablert to gode utvekslingsprosjekt gjennom Erasmus+. Å vidareutvikle arbeidet med internasjonalisering er viktig for å skape kunnskapsutveksling og forståing over landegrensene.



Begge foto: Magnar Fjørtoft

## 2. Nøkkelopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	24,71
Tal på årsverk i leiarstillingar	3,25 til pedagogisk leiing + 1 stilling kombinert merkantilt og leiing
Tal på årsverk andre tilsette	15

Tala på årsverk i tabellen var gjeldande for vårhalvåret 2024. Hausten 2023 var stillingsvolumet større, men ein del endringar i både personalgruppa og i elevgruppa gjorde at vi reduserte stillingsvolumet frå 1. januar.

Skuleåret 2023/2024 har vore eit år med mange endringar i leiinga. Rektor Aadne Haarr gjekk av med pensjon 1. januar. Assisterande rektor Tone Syltebø har vore konstituert i stillinga som rektor sidan då. Samstundes vart det skifte av avdelingsleiar på naturbruk, det vart gjennomført endringar i ansvarsområda i leiinga, og konstituert ny leiar i avdeling for spes.ped. Leiinga består av ein mann og fire kvinner.

Gjermundnes har ei stor avdeling for alternativ opplæring sett opp mot størrelsen på skulen. Skulen har fleire tilsette med spesialpedagogisk kompetanse tilknytt denne avdelinga.

Av årsverk andre tilsette, er 5,54 årsverk knytt til opplæringa. Dei resterande årsverka er knytt til internat, kjøkken og gardsbruk.

Det er god kjønnsfordeling blant dei pedagogisk tilsette, med om lag 50% kvinner og 50% menn. Når det gjeld årsverk andre tilsette, er kjønnsfordelinga litt annleis. Det er stor overvekt av kvinner som fagarbeidarar og assistentar i opplæringa, på kjøkkenet og internatet. På garden er det kun menn som er tilsett.



## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Naturbruk	31	21	9	61
Teknologi- og industrifag	14			14
Anleggsgartnar		5		5
Påbygg til generell studiekompetanse			17	17
Vaksenagronom			13	13
Alternativ opplæring	10			10
<b>Total</b>				<b>120</b>

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	1
---	---

Elevtala over er talet i kvar klasse ved skuleslutt juni 2024. Naturbruk er det klart største programområdet ved Gjermundnes vgs. Skuleåret 2023/2024 hadde vi 31 elevar på vg1. På vg2 naturbruk kan elevane velje mellom heste- og dyrefag eller landbruk- og gartnarnæring. Elevane som går heste- og dyrefag kan gå ut i lære, medan vegen vidare for elevane på landbruk- og gartnarnæring er landbruk på vg3 (gir yrkeskompetanse som agronom). Elevane kan også velje studieførebuande naturbruk eller påbygg til generell studiekompetanse. Ni elevar gjekk dette skuleåret landbruk på vg3. Elevtalet her har variert mellom seks og ti gjennom mange år og er slik relativt stabilt.

Gjermundnes har ein undervisningsarena som er svært godt eigna til å gje eit variert, praktisk og individuelt tilpassa opplæringsløp til elevar med samansette behov. Det gjer at vi har ei relativt stor gruppe elevar som treng ein alternativ skulekvardag. Det er høg trivsel i denne elevgruppa, og elevane gir sjølve uttrykk for at dette er eit opplæringstilbod dei set stor pris på. Etter avslutta skulegang går elevane i ulike retningar, til dømes ut i tilrettelagt jobb, som lærekandidat eller til kommunale dagtilbod.

På teknologi- og industrifag hadde vi full klasse. Her var det fleire søkjarar enn vi hadde plass til. Det var også god søking til påbygg, men her opplevde vi at ein del takka nei før skuleåret var skikkeleg i gang. Vi er elles veldig fornøgde med søkinga til vaksenagronomkurset vårt. Dette er eit viktig tilbod for vaksne som ønskjer å tileigne seg yrkeskompetanse som agronomar.

I tilbodsstrukturen til Gjermundnes har vi også tilbod om industriteknologi på vg2. Verken industriteknologi eller studieførebuande naturbruk hadde tilstrekkeleg med søkjarar til å kunne starte opp dette skuleåret.

## 2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

### 2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2022-23	2023-24	Fylket 2023-24
0 eller ingen	4,1%	2,4%	6,3%
0 - 25	4,1%	2,4%	2,8%
25 - 30	12,2%	11,9%	5,9%
30 - 35	28,6%	28,6%	11,7%
35 - 40	18,4%	19,0%	17,4%
40 - 45	20,4%	23,8%	21,4%
45 - 50	10,2%	9,5%	19,4%
Over 50	2,0%	2,4%	15,1%

### 2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Gjermundnes vgs	33,3	35,6	39,5	36,7	36,4
Fylket	41,1	42,3	42,2	42,5	41,4

### 2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som tabellen over viser, har Gjermundnes elevar som i snitt ligg fleire grunnskulepoeng under fylkessnittet. Vi ser at det er ein naturleg variasjon i grunnskulepoeng frå år til år. Variasjonane er ikkje store, med unntak av skuleåret 2021-2022 som skil seg ut som eit år med høgare snitt. Karaktersnittet for elevane på naturbruk og teknologi- og industrifag var om lag det same skuleåret 2023/2024.

Karaktersnittet gjer at vi har fleire elevar som treng tett oppfølging, særleg i fellesfaga. Vi har kvart år mange elevar som treng tilrettelegging og opplæring i systematisk bruk av kompenserande hjelpemiddel knytt til lesing og skriving. Vi jobbar også med kompetanseheving i personalet for å gje elevane god hjelp innanfor rammene av den



ordinære opplæringa. I dette arbeidet har vi eitt tett og godt samarbeid med skulen sin PPT-rådgjevar.

## 3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

### 3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Det mest gledelege i resultatata frå Elevundersøkinga hausten 2023 er svært låge mobbetal. 0% opplever mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare. Sjølv om vi veit at undersøkinga gjerne er farga av korleis elevane hadde det akkurat der og då då undersøkinga vart gjennomført, vert resultatet underbygd av opplysningane vi har fått gjennom den ikkje-anonyme, førebyggjande læringsmiljøundersøkinga Spekter. Den underbygger at det har vore eit år med få mobbesaker ved skulen vår. Vi jobbar systematisk med læringsmiljø, noko som vil bli utdjupa i punkt 3.2.

Vår største bekymring ut frå elevundersøkinga, er nedgangen i opplevinga av meistring og motivasjon på vg1 og vg2 samanlikna med fjoråret.

Det er viktig for oss å sjå på enkeltspørsmåla i elevundersøkinga for at resultatata skal gje meining og vere mogleg å jobbe vidare med. Først då kan vi betre forstå resultatata for hovudkategoriane i undersøkinga.

Undersøkinga viser at våre elevar har lågare interesse for å lære på skulen enn snittet i fylket. Dei prioriterer i mindre grad å bruke tid på skularbeidet og strevar med å fortsette å jobbe viss det dei skal lære er vanskeleg. Det er låg skår på spørsmålet om dei får lekser dei greier å gjere på eiga hand, og på å greie å gjennomføre oppgåver utan hjelp. Det er naturleg å tenkje at dette kan ha samanheng med relativt låge grunnskulepoeng i snitt. Undersøkinga viser også låg skår på det å få hjelp til lekser heime, og på oppmuntring av foreldre. Vår tolking er at det er naturleg, sidan så mange av elevane våre bur på internat og har lite oppfølging av foreldre på dette området gjennom veka.

Undersøkinga viser at foreldra har like store *forventningar* til kva ungdommane skal prestere på skulen som fylkesgjennomsnittet.

Hausten 2023 starta vi eit større arbeid knytt til vurdering. Dette arbeidet er eit av fokusområda i handlingsplanen vår. Vi tenkjer at kontinuerlege, gode og varierte vurderingssituasjonar gjennom skuleåret er med på å gje elevane ei oppleving av meistring, uavhengig av prestasjonsnivå. Vi jobbar med større variasjon i vurderingane, og å vri fokus frå punktmåling gjennom prøver og store innleveringar over på det vurderingsarbeidet som skjer kvar dag på dei ulike læringsarenaene våre. Vi gjennomførte dette skuleåret eit samarbeid med Høgskulen i Volda v/Arve Fiskerstrand om vurdering med utgangspunkt i ny vurderingsforskrift. Vi vidarefører arbeidet inneverande skuleår gjennom kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, der vi i tillegg til vurdering har fokus på å tilrettelegge oppgåver som er brotne ned og konkrete nok til at elevane i større grad greier å jobbe sjølvstendig med dei. Målet er at det skal gje større meistring og dermed også auke motivasjonen for arbeidsoppgåvene. Oppleving av meistring og motivasjon heng tett saman med psykisk helse i kvardagen, som er fokusområde i kompetanseløftet. I tillegg er det avgjerande for opplevinga av trivsel i skulekvardagen. Med høg skår på oppleving av støtte frå lærar på alle tre trinna, bør vi ha gode føresetnadar for å vidareutvikle og løfte både trivsel, motivasjon og meistring.

Skuleåret 2022/2023 var vi uroa over den store nedgangen i opplevinga elevane på vg1 og vg2 hadde av felles reglar. Våren 2023 jobba vi i fellesskap fram fem «standardar» som skulle vere enkle å hugse, og praktiserast likt i alle klasserom. Ein av reglane var at mobilen skulle plasserast i mobilhotell ved starten av kvar time. Vi innførte standardane frå skulestart hausten 2023, og leiinga skulevandra på praktiseringa på dei ulike læringsarenaene gjennom hausten. Vi ser i elevundersøkinga at opplevinga av felles reglar har gått opp igjen, men vi må framover jobbe med å oppretthalde fokuset på dette.

## 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	1
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Vi har generelt lav terskel for å skrive aktivitetsplanar ved Gjermundnes. Vi tenkjer det å skrive ein aktivitetsplan er til god hjelp i arbeidet med å strukturere oppfølginga av elevar i læringsmiljø saker. Dette skuleåret vart det berre skrive ein ny aktivitetsplan. Det kan bety at det er noko vi ikkje har fanga opp, men resultatata frå både elevundersøkinga og Speker tyder likevel på at dette var eit skuleår med lite mobbing.

Vi jobbar kontinuerleg og systematisk med læringsmiljøet. Vi har fleire tiltak i handlingsplanen vår knytt til dette arbeidet. Følgande er gjennomført dette skuleåret:

- Klasselærarråd og resultatoppfølgingsmøte (RO-møte). Vi har faste samarbeidsmøte for alle klassane ved skulestart og resultatoppfølgingsmøte fire gonger årleg. I desse møta er det gjennomgang av fråvær og fare for stryk/ikkje vurdering. Frå og med hausten 2023 innførte vi også eit skjema med kartlegging av sårbare elevar som fast punkt i RO-møta. Det er til god hjelp for å fange opp bekymring rundt enkeltelevar og å kunne sette inn tiltak ved behov.
- Faste møte i ressursteam og SIM-team. I SIM-team sit konst.rektor og dei pedagogiske avdelingsleiarane i lag med PPT. I ressursteam er i tillegg rådgjevar og internatleiar med. For å kunne følgje opp internatelevane på ein god måte er det avgjerande at skule og internat kommuniserer og samarbeider godt. Vi vil også framheve det gode samarbeidet vi har med PPT. Det er konstruktivt og godt, og opplevast svært nyttig for skulen. Helsesjukepleiar blir innkalla ved behov, sidan denne ressursen er avgrensa til fire timar annakvar veke. Den tida ønskjer vi i første rekkje skal prioriterast til direkte kontakt med elevane.

- I løpet av våren 2023 jobba vi fram rutinar rundt bekymring for elevar med suicidale tankar eller handlingar (ein rutine for skule og ein for internat) og lokal rutine for handtering av rus (eit tillegg til den fylkeskommunale rusplanen).
- Vi gjennomfører den førebyggjande delen av den ikkje-anonyme læringsmiljøundersøkinga Spekter kvar haust. I tillegg kan vi bruke Spekter ved behov for meir kartlegging i enkeltklassar.
- Hausten 2023 innførte vi MOT-programmet på Gjermundnes. MOT-programmet er eit verktøy med mål om å bygge meir robust ungdom. Vi har utdanna tre MOT-coachar på skulen, og våren 2024 fekk fire elevar utdanning som unge MOTivatorar. Dei skal vere synlege i elevmiljøet, skape positive aktivitetar og ha eit auge for utanforskap.
- Hausten 2023 etablerte internatet eit miljøteam av elevar som skal skape aktivitet på ettermiddag/kveld.
- Hausten 2023 innførte vi felles standardar i alle klasserom og på læringsarenaene ute i praksis. Målet er at felles standardar skal gje elevane større kjensle av forutsigbarheit og trygge rammer i lærings situasjonane.
- Rådgjevar gjennomførte samtalar med alle elevar om mål og motivasjon ved starten av skuleåret.
- VIP-makkerskap på vg1
- Det tidlegare omtala arbeidet med ein meir inkluderande vurderingspraksis og arbeidet med tilrettelegging for elevar som strevar med lesing og skriving, er også ein del av arbeidet med å skape eit inkluderande læringsmiljø for alle.

### 3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skolemiljøutval	2
Møter i skoleutval	2

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Ja

Elevrådskontakten ivaretar det administrative arbeidet med elevrådet. Det er ein lærar som har denne oppgåva. Rektor har hatt jamlege møte med elevrådsleiar om saker og har gjennom året deltatt i enkeltmøte med elevrådet. Elevrådet har mellom anna jobba med innspel til eit årshjul for rusarbeid og andre saker som vedkjem elevane sin kvardag. Resultata frå elevundersøkinga og undervisningsevalueringa er blitt tatt opp og drøfta i elevrådet. Elevrådet har også hatt ansvar for å arrangere ein aktivitetsdag ved skuleslutt i lag med dei unge MOTivatorane. Skulen er opptatt av at elevane skal oppleve reell medverknad, og det er noko vi vil vidareutvikle i arbeidet framover.

Alle elevane er inkluderte i elevundersøkinga. Gjennomføringa vart tilrettelagt på ulike måtar slik at alle elevar skulle få høve til å svare på spørsmåla. Spekter har ikkje vore gjennomført i gruppa for alternativ opplæring, men det kjem til å bli gjort inneverande skuleår.

For analyse av vurderingspraksis, sjå det som står omtalt under elevundersøkinga.

## 4. Skoleårsresultat

### 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

#### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2023-24, prosent	80,6%
--	-------

#### 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
BA		60%		60%
NA	83,3%	66,7%	83,3%	76,7%
TP	100%			100%
PB			85,7%	85,7%
Total	88,1%	65,5%	85,2%	80,6%

#### 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Gjermundnes vgs	79,6%	87,5%	85,4%	87,7%	80,6%
Fylket	91,2%	91,4%	89,6%	89,6%	87,5%

#### 4.1.4 Skolen sine kommentarer og analyse

I skulen sin handlingsplan er måtalet for gjennomføring 85%. Med ei gjennomføring på 80,6% nådde vi ikkje målet dette skuleåret. Det er første gong sidan 2019/2020. Av tabellen over ser vi at vg2 skil seg ut. Med relativt få elevar i kullet, gir det prosentvis store utslag når ikkje alle fullfører eller består.

Ein viktig forklaringsfaktor for manglende fullføring er at enkeltelevar hadde eit svært høgt fråvær, noko som resulterte i at dei slutta eller ikkje fekk vurdering. Det er ein klar samanheng mellom det å vere til stades i undervisninga og å fullføre skuleåret.

Ein annan forklaringsfaktor på lågare fullført og bestått på programområdet *naturbruk*, kan også vere at fleire elevar enn tidlegare er interesserte i blått enn i grønt naturbruk. Nokre av dei har lågare motivasjon for gjennomføring enn dei som har tatt eit aktivt val om grønt.

Det er verdt å merke seg at teknologi- og industrifag og påbygg hadde høg gjennomføringsprosent.

Tabellen under viser fordelinga på dei ulike fullførerkodane.

#### Fullførerkode

B: bestått

H: held framleis på med opplæringa eller er deltidsselev

I: fullført, ikkje bestått

S: slutta

M: manglende vurdering

#### Fordeling Vg2:

Ant. fullførerkode B 2023/24	Ant. fullførerkode H 2023/24	Ant. fullførerkode I 2023/24
19	2	3
Ant. fullførerkode S 2023/24	Ant. fullførerkode M 2023/24	Ant. fullførerkode A 2023/24
4	1	0

#### Fordeling alle:

Ant. fullførerkode B 2023/24	Ant. fullførerkode H 2023/24	Ant. fullførerkode I 2023/24
79	2	5
Ant. fullførerkode S 2023/24	Ant. fullførerkode M 2023/24	Ant. fullførerkode A 2023/24
6	6	0



## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
BA	4,11
NA	4,14
TP	3,84
PB	4,09

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Gjermundnes	3,98	4,02	4,18	4,02	4,08
Fylket	4,22	4,26	4,24	4,21	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

I dei to skuleåra før 2019 låg snittet på under fire. Det har auka litt dei siste åra og har i det siste berre hatt små variasjonar frå år til år. Snittet ligg under snittet i fylket. Det er naturleg, sidan grunnskulepoenga også er lågare enn fylkessnittet. I 2023/2024 hadde elevane på vg1 i snitt 36,4 grunnskulepoeng, medan karaktersnittet ved årsslutt for dei same elevane var 4,09. Vi tenkjer det er naturleg at snittet går opp når elevane i større grad har fått velje fag etter interesser.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	10,7	42,2	10,5%
Vg1	8,9	26	7,4%
Vg2	9,4	69,8	12,1%
Vg3	15	41,1	13,6%
Vg4			

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Gjermundnes	6,7%	3,8%	3,1%	8,3%	10,5%
Fylket	3,5%	2,5%	2,7%	6,5%	7,0%

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet var høgt skuleåret 2023/2024. Fråværet i heile landet auka etter pandemien, så dette er ei utfordring i heile samfunnet. Tabellen over viser imidlertid at Gjermundnes alle dei siste åra har hatt høgare fråværsprosent enn snittet i fylket. Noko av forklaringa ligg i at vi har hatt enkeltelevar med eit svært høgt fråvær. Vi ser at det er ein samanheng mellom høgt fråvær og det å ikkje fullføre og bestå året. Teknologi og industrifag hadde til samanlikning 100% gjennomføring og 3,2% fråvær.

Ei forklaringa på at Gjermundnes ligg høgare på fråværsstatistikken kan vere at mange av elevane våre bur på internat og må sjølv stå opp og komme seg på skulen. Skulen hadde tidlegare ein tilsett på kjøkkenet som lærarane kunne sende melding til viss ein elev på internatet ikkje møtte. Den tilsette gjekk då for å vekke eleven. Frå 1. januar slutta vi med denne oppfølginga på grunn av reduksjon i bemanning på kjøkkenet grunna

økonomi. Vi har framleis nattevakter som etter avtale vekker enkeltelevar før dei går av vakt. I tillegg har vi endra internatreglementet og kopla skule og internatplass tettare saman. Det betyr at du kan miste internatplassen din viss du har mykje udokumentert fråvær frå skulen. Vi har faste rutinar for oppfølging av fråvær, med klare retningslinjer for kven som skal gjere kva i oppfølging av fråvær. Tett og god oppfølging er nødvendig, og vi ser at vi må jobbe vidare med dette for å førebygge fråvær og fråfall. Ikkje minst er det viktig med eit godt samarbeid med heimen til elevane som ikkje er myndige.

Det er også naturleg å tenkje at fråvær heng saman med opplevinga av meistring og motivasjon, som elevundersøkinga viste er fallande.

## 4.4 Elevar som har slutta

### 4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023-24

Prosent	Tal
6,1%	6

### 4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Gjermundnes	7,4%	6,3%	5,7%	1,9%	6,1%
Fylket	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%

### 4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Det er eit stort hopp i prosenten som har slutta frå 2022-2023, men nivået skuleåret 2023/2024 er meir på nivå med slik det har vore dei siste åra. Det er verdt å merke seg at det likevel berre var ein elev som slutta på vg1 i løpet av året og ein elev som slutta på vg3. På vg2 var sluttprosenten på 13,8%.

## 4.5 Overgangar

### Overgang frå ungdomsskulen

Gjermundnes rekrutterer ungdom frå heile fylket. Det er ikkje alle potensielle elevar som har moglegheit til å velje Gjermundnes under dei ordinære hospiteringsvekene for 10.steg. Vi tar derfor etter avtale imot elevar som ønskjer å komme på besøk heilt fram til søknadsfristen. Vi inviterer også til open kveld i januar. Det er viktig at ungdommane får komme og sjå for å gjere seg opp eit realistisk bilete på korleis det er å vere elev her.

Det blir gjennomført overføringsmøte med alle elevar som søker på A-skjema. Alle som søker med B-skjema får tilbod om møte med skulen. Nokre elevar har behov for fleire møte eller besøk før skulestart for å bli godt budde på det som ventar. Dette er viktig for å kunne legge til rette for mottak av elevane på ein god måte. Under planleggingsdagane får alle lærarar informasjon om enkeltelevar. I løpet av dei par første vekene etter skulestart er det klasselærarråd i alle klassar for å fange opp eventuelle utfordringar så tidleg som mogleg. Elevar med behov for tilrettelegging knytt til lesing og skrivning, har individuelle møte med spesialpedagog i løpet av dei første vekene. I tillegg gjennomfører rådgjevar korte samtalar med alle elevane.

Ei utfordring er tilgang til B-skjema for elevar som ikkje har hatt Gjermundnes som førsteønske. Når skulen får informasjon om vanskar veldig seint, vanskeleggjer det eit godt mottak av eleven.

For ein del kan overgangen til internat og det å flytte heimanfrå vere stor. Miljøteam og MOT skal vere med på å gjere denne overgangen lettare.

Når det gjeld overgangen mellom trinna er rådgjevar sentral i arbeidet med å rådgje elevane før dei skal gjere vala sine. Også kontaktlærarane bidrar her. Elles følgjer overføring mellom trinna på eigen skule eit fast mønster med infomøte og overføringsmøte mellom kontaktlærarane. Skulen bistår i tillegg elevar med å finne

lære plassar og lærekandidatplassar.

## **Utplassering og overgang til yrkesliv og høgare utdanning**

I faget yrkesfagleg fordjuping har utplassering ein sentral plass. Skuleåret 2023/2024 var alle elevar på TIF utplasserte på vg1. Mange av desse var utplasserte i verftsindustrien i Vestnes, som skulen har eit godt samarbeid med. Delar av elevmassen på naturbruk hadde også avtale om utplassering på vg1, medan alle elevane på Vg2 var utplasserte. I tillegg var elevane på vg3 landbruk utplasserte i næringa. Elevane på landbruk har eit løp med vg3 i skule som gir yrkeskompetanse som agronomar. Kontakt med næringa gjennom utplassering er derfor viktig, sjølv om dei ikkje har yrkesfagleg fordjuping på vg3. Frå hausten 2024 skal alle elevar utplasserast i YFF-faget. Vi vil då oppfylle skuleeigar sitt mål om at minst 95% av elevar med faget yrkesfagleg fordjuping skal ha praksis i bedrift både på vg1 og vg2.

Alle elevar med alternativ opplæring har utplassering minimum det siste året dei er elevar ved Gjermundnes. Dei blir utplasserte i aukande omfang fram mot skuleslutt. Elevane prøvar ulike arbeidsplassar for å finne ut kva dei trivast med. Elevar som ønskjer utplassering tidlegare i skuleløpet, får høve til det. Alle elevane med alternativ opplæring har med seg støtte frå skulen ut i praksis. Denne støtta er i kortare eller lengre periodar, alt etter behov.

## **Samarbeid med næringsliv**

Skulen samarbeider elles tett med næringa på fleire måtar, og er sjølv aktiv medlem i næringsorganisasjonane i landbruket der skulen er produsent. Næringsaktørar er representerte i skulen sitt skuleutval. Elevane er mykje ute på besøk i ulike bedrifter/hos ulike næringsaktørar. Vi leiger inn aktørar frå næringa som lærarar i delar av undervisninga på hestefag og i undervisninga på vaksenagronomkurset. Elevane deltar på ulike næringskonferansar. I tillegg er det fleire aktørar frå næringa som vel å legge kurs, fag- og medlemsmøte til Gjermundnes. Våre elevar blir då gjerne inviterte til å delta.

Vi samarbeider også med oppdrettsnæringa om fasilitetar knytt til sjøbruk. Sjøbruk er ein integrert del av undervisninga på naturbruk på vgl.

Skulen er medlem av Vestnes Næringsforum, for gjennom det å vere med å utvikle det lokale næringslivet saman med andre medlemsbedrifter. Næringsforum organiserer også innovasjonscamp for 9.steg i Vestnes. Der stiller Gjermundnes med oppdrag til elevane. Innovasjonscampen er eit godt høve til å vise fram skulen for elevar i nærmiljøet.

## 5. Leiing og profesjonsutvikling

Fylkesstrategien for kvalitet i vidaregåande opplæring seier at skulane skal sikre god praksis for leiing og profesjonsutvikling, mellom anna gjennom å drøfte pedagogisk praksis og ha arenaer for felles refleksjon og læring. Elevane si læring og utvikling skal vere i fokus for utviklingsarbeidet.

På Gjermundnes har vi fleire arenaer der vi drøftar pedagogisk praksis. Vi har vekentlege møte med heile det pedagogiske personalet og faste møte på dei ulike avdelingane. I tillegg blir pedagogisk praksis drøfta i klasselærarmøte, resultatoppfølgingsmøte, i leiarmøta våre og i ressursteam.

### Skulebasert kompetanseutvikling

Skuleåret 2023/2024 har vi hatt desse fokusområda knytt til skulebasert kompetanseutvikling:

- Heile ped.pers deltok i kompetanseheving knytt til tilrettelegging for elevar med autismespektervanskar. Dette arbeidet var leia av Statped og strekte seg over heile skuleåret (halve året for alle, medan delar av personalet var med gjennom heile året).
- Gjermundnes innførte MOT-programmet frå skulestart hausten 2023. Til programmet høyrer utviklingsøktar retta mot personalet. Her er elevsyn og relasjonsbygging viktige tema. Hausten 2023 var fokuset på å skape godkjensle, vise bakgrunnsforståing og praktisere tøff kjærleik.
- Vi har hatt fokus på å betre integrere bruken av kompenserande hjelpemiddel i skulekvardagen for elevar som strevar med lesing og skriving.
- Arbeid med vidareutvikling av vurderingspraksis har gått gjennom heile året. Her har vi samarbeidd med Høgskulen i Volda v/Arve Fiskerstrand. Målet har vore å utvikle ein vurderingspraksis som i større grad lar elevane vise kompetansen sin

på fleire og varierte måtar. Lærarane har testa ut nye praksisar i klasseromma og delt erfaringane knytt til dette i profesjonsfellesskapet i etterkant.

- PPT har bidratt som samarbeidspart for leiinga og har også vore aktiv bidragsytar inn mot personalet innan dei ulike utviklingsområda vi har jobba med.

Gjermundnes er ein liten skule, der det er kort veg til å drøfte pedagogisk praksis med næraste leiar eller med rektor. Vi hadde som mål å få gjennomført systematisk kollegarettleiing skuleåret 2023/2024, men fekk det ikkje på plass. Vi vil jobbe vidare med å lage eit system for slik rettleiing.

## Individuell kompetanseheving

Skuleåret 2023/2024 fullførte to naturbrukslærarar si pedagogiske utdanning og kunne derfor tilsetjast i fast stilling frå hausten 2024. Ein lærar fullførte vidareutdanning i spesialpedagogikk (har til saman fullført 60 st.p), og to lærarar fullførte vidareutdanning i programmering. Dette er nødvendig og verdifull kompetanseheving for skulen.





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)